



Elin Enes hadde ikkje drøymt om noko slikt, ho tok sikte på å avvikla eitt tapaskurs denne vinteren. Men då ho sette punktum og avvikla det siste kurset ikveld var det nummer 5 i rekkja og elevtalet hadde vore 58. Av dei var det imidlertid berre ein mann!

Ein av deltakarane oppsummerte slik då vi ba om ein kortfatta grunningjeving av denne matsuksessen:

- Tapas er enkelt å anretta og ein kan byggja det opp litt etterkvart. Men like viktig er det nok at tapas ikkje er stressprega.

Og atmosfæren i mathuset til Elin var i alla fall avslappa.

- Vi har hatt det svært så triveleg saman, sa deltakarane.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen